



Innst. 216 L

(2010–2011)

Innstilling til Stortinget fra næringskomiteen

Prop. 26 L (2010–2011)

Innstilling fra næringskomiteen om endringer i mineralloven (innkrevjing av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr)

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Proposisjonens hovudinnhald

Nærings- og handelsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag til endringer i lov 19. juni 2009 nr. 101 om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven). Forslaget er ei teknisk endring som er nødvendig for at Statens innkrevingsssentral (SI) skal ha heimel til å foreta tvungen innkrevjing av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr (overtredelsesgebyr) etter mineralloven §§ 66 og 67, til fordel for staten.

1.2 Bakgrunn for lovforslaget

Mineralloven tok til å gjelde 1. januar 2010 saman med forskrift til lova.

Etter mineralloven § 66 første ledd kan Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (Direktoratet for mineralforvaltning) treffe vedtak om tvangsmulkt for å sikre at føresegnene i lova eller vedtak i medhald av lova vert gjennomført. Mineralloven § 67 gir Direktoratet for mineralforvaltning heimel til å pålegge den som har brote føresegner gitt i eller i medhald av lova å betale eit pengebeløp til statskassa (lovbrotsgebyr).

I forskrift 23. desember 2009 nr. 1842 til mineralloven er det gitt føresegner om utmåling av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr, saksbehandlingsreglar, klagerett, ettergiving av pålagt tvangsmulkt og

lovbrotsgebyr og om inndriving av pålagt tvangsmulkt og lovbrotsgebyr.

Etter at mineralloven og forskrifta tok til å gjelde har Direktoratet for mineralforvaltning sett nærare på korleis ein mest mogleg effektivt kan følgje opp føresegnene, når det gjeld den praktiske oppfølginga etter at det er konstatert lovbrott og fatta avgjerde om tvangsmulkt eller lovbrotsgebyr. I samråd med departementet har direktoratet kome fram til at den mest effektive måten å gjere dette på vil vere at SI står for sjølve innkrevjinga, både når det gjeld den frivillige og den tvungne inndrivinga av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr. Det er tatt inn føresegner i forskrift til minerallova § 6-6 som gir SI heimel til å stå for den frivillige inndrivinga av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr, jf. forskrift 23. juni 2010 nr. 963 om endring i forskrift til minerallova. For at SI også skal kunne stå for den tvungne inndrivinga av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr, er dei avhengige av eksplisitt lovheimel i minerallova.

1.3 Nærare om lovforslaget

Forslaget inneber ikkje at Direktoratet for mineralforvaltning gir frå seg myndigheit og overlet til SI å ta avgjerd om tvangsmulkt eller lovbrotsgebyr skal påleggjast. Det vil framleis vere Direktoratet for mineralforvaltning som tek avgjerd om dette. Forskjellen blir at direktoratet, etter at det er fatta vedtak om å påleggje tvangsmulkt eller lovbrotsgebyr, sender over kravet til SI som følgjer opp saka og tek ansvaret for at tvangsmulkta eller lovbrotsgebyret vert innbetalt til og tilfell staten.

1.4 Administrative og økonomiske konsekvensar

Endringsforslaget vil ikkje få vesentlege administrative og økonomiske konsekvensar. Pålagt tvangsmulkt og lovbrotsgebyr tilkjem statskassa. Ved

at SI får ansvaret for inndringa vil ressursar i Direktoratet for mineralforvaltning bli frigjorde. Direktoratet for mineralforvaltning har i dag ikkje kostnader i samband med SI si hjelp med frivillig innkreving av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr, med unntak for namsgebyr der dette er nødvendig. Sjølv om Direktoratet for mineralforvaltning må betale SI for tenesta dei tilbyr ved tvangsinnkreving, vil ressursane direktoratet får frigjort veie opp for desse kostnadene. Det er også grunn til å tru at tvangsmulka og lovbrotsgebyret vert gjort opp meir effektivt med SI som innkrevjar enn om direktoratet gjer det.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Else-May Botten, Lillian Hansen, Arne L. Haugen, Ingrid Heggø og lederen Terje Aasland, fra Fremskrittspartiet, Per Roar Bredvold, Harald T. Nesvik og Torgeir Trældal, fra Høyre, Frank Bakke-Jensen, Torgeir Dahl og Svein Flåtten, fra Sosialistisk Venstreparti, Alf Egil Holmelid, fra Senterpartiet, Irene Lange Nordahl, og fra Kristelig Folkeparti, Rigmor Andersen Eide, viser til regjeringens forslag til endringer i lov 19. juni 2009 nr. 101 om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven), Prop. 26 L (2010–2011).

Komiteen viser til at lovforslaget innebærer en lovt teknisk endring som er nødvendig for at Statens innkrevingsentral (SI) skal ha hjemmel til å foreta tvungen innkreving av tvangsmulkt og overtredelsesgebyr etter mineralloven §§ 66 og 67.

Komiteen slutter seg til vurderingene slik de fremkommer i proposisjonen og støtter forslaget til lovendring.

3. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak til lov

om endringer i mineralloven (inndring av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr)

I

I lov 19. juni 2009 nr. 101 om erverv og utvinning av mineralressurser blir det gjort følgende endringer:

§ 66 nytt femte ledd skal lyde:

Når Statens innkrevingsentral er pålagt å inndrive tvangsmulkt som nevnt i første ledd, kan den inndrive tvangsmulkt ved trekk i lønn og andre lignende ytelser etter reglene i dekningsloven § 2-7. Innkrevingsentralen kan også inndrive tvangsmulkt ved å stifte utleggspant for kravet dersom panteretten får rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til en tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5, og utleggsforretningen kan holdes på Innkrevingsentralens kontor etter tvangsfullbyrdelsesloven § 7-9 første ledd.

Noverande § 66 femte ledd blir nytt sjettede ledd.

§ 67 nytt fjerde ledd skal lyde:

Ved inndrivelse av overtredelsesgebyr gjelder bestemmelsen i § 66 femte ledd tilsvarende.

Noverande § 67 fjerde ledd blir nytt femte ledd.

II

Lova tek til å gjelde straks.

Oslo, i næringskomiteen, den 17. februar 2011

Terje Aasland

leder

Per Roar Bredvold

ordfører